

Fleire bønder byggjer fjøs i tre

I 2020 valde ei aukande mengde bønder å satse på miljø- og klimavennlege driftsbygningar bygde i tre.

Innovasjon Noreg premierer bønder som byggjer driftsbygningar med tre som byggjemateriale. I 2020 fekk 140 bønder i alt 33,6 millionar kroner i ekstra investeringstilskot for å vere klima- og miljøvennlege gjennom bruk av tre i bygga sine.

Ved jordbruksforhandlingane i 2019 blei det vedtatt å innføre ei ordning som premierer bruk av tre som byggjemateriale. Ordninga kjem i tillegg til det ordinære investeringsstilskotet til driftsbygningar frå Innovasjon Noreg.

– Dette er svært gledelege og oppmuntrande tal, og viser at dei bøndene som no satsar og investerer i landbruket, tek klimautfordringane på alvor, seier administrerende direktør Håkon Haugli i Innovasjon Noreg, i ei pressemelding.

Det er i fylka med mest hus-



I fjor fekk 140 bønder i alt 33,6 millionar kroner i ekstra investeringstilskot for å bruke tre i bygga sine. (Foto: Erik Steine)

dyrbruk og størst tilskotsramme det har vore størst interesse for ordninga. I 2020 var det flest i Innlandet med 34 prosjekt og 10,1 millionar kroner i ekstra tilskot. Deretter følgjer Trøndelag med 21 prosjekt og 5,6 millionar kroner i ekstra tilskot og Vestland med 20 prosjekt og 5 millionar kroner.

Det er flest prosjekt innan mjølkeproduksjon. Deretter følgjer ammekuproduksjon og så prosjekt knytt til sauehald

og korntørking. For ammeku er delen som oppfyller kravet til ekstra tretilskot heile 44 prosent, medan det for mjølkeproduksjon og sauehald er rundt 35 prosent.

Ordninga med ekstra investeringstilskot til bygg som brukar tre som byggjemateriale, gjeld i første omgang til og med 2022. Ordninga kan gje inntil 400.000 kroner i ekstra investeringstilskot. (©NPK)

Søkeordet «småbruk» mest populært

«Småbruk» er det ordet det har vore søkt på flest gonger under kategorien eigedom hos salstenesta Finn.no i 2020. «Småbruk» var òg det mest søkte ordet i 2019, skriv Nationen.

Totalt var «småbruk» det niande mest søkte ordet på Finn i 2020. Det er spesielt i Innlandet og Møre og Romsdal at ordet hamnar høgt oppe på statistikken. Aller øvst på søketoppen totalt, ligg «sofa», «sykkel», «hagemøbler», «spisebord», «Rolex», «kommode», «TV» og «skrivebord». «Norgesferie» var òg eit svært populært ord. At mange ønskte seg ei hytte, kjem òg tydeleg fram, og «hytte» var på topp ti-lista på Finn eigedom.

– Etterspurnaden etter å leige hytte auka massivt og generelt gjekk søka på norske destinasjonar opp med 42 prosent på FINN reise i år, målt mot i fjor. Hytte på Sørlandet og på fjellet var favorittar sommaren 2020 viser tala våre, seier kommunikasjonsrådgivar i FINN, Linda Glomlien, i ei pressemelding.

Søkeordet «hund» har òg vore eit populært søkeord, og hamna på topp ti-lista i Rogaland og Troms og Finnmark.

Stor interesse for skoten ulv

Universitet, museum og fleire kommunar ønskjer å overta ulven «Lucky», som vart skoten i Hyllestad i ytre Sogn 15. januar. Ulven har lurt jegeerane i fleire år og teke livet av mange sauer og lam. – Det er ei viss interesse for ulven frå fleire hald no, men vi har ikkje bestemt kva som skjer med han enno, seier seksjonsleiar Terje Bø i Miljødirektoratet til NRK. Det er dei som no har ansvaret for ulven, som for tida ligg i ein frysar i Hedmark.

– Eg var med og fekk sjå ulven då han vart skoten, og det er eit fantastisk flott dyr, seier ordførar i Fjaler, Kjetil Felde (Sp), til NRK. Han er ein av ordførarane som har sagt ifrå om at den daude ulven er ønska i området der han brukte sine tre siste år. Også ordførar Kjell Eide (Ap) i Hyllestad har signalisert at dei ønskjer å få tak i ulveskrotten. Elles er Vitenskapsmuseet i Trondheim og NTNU blant dei andre som har teke kontakt for å melde si interesse. (©NPK)

Fornybar energi i landbruket

Har du planer om å bygge anlegg for produksjon av fornybar energi? Innovasjon Norge gir tilskudd til investeringer, utredninger og kompetansetiltak, heter det i en pressemelding fra Innovasjon Norge.

AV LEONID RØDSTEN

Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologi i landbruket skal stimulere landbruket til å produsere, bruke og levere fornybar energi. Programmet har tre satsingsområder: fornybar energi i landbruket, introduksjon av nye produksjonsteknologier og produksjon av brenselstoffer. Vi kan gi investeringsstøtte og støtte til kompetanse- og utviklingsprosjekt innen satsingsområdene.

«Myke investeringer»

På nettsida til Innvoasjon Norge ramses opp diverse tilskottsberettigta investeringer, som:

Anlegg for varmesalg – bioenergi, gårdsvarmeanlegg (bioenergi, solenergi og varmegjenvinning), veksthus (bioenergi, varmegjenvinning og solenergi), biogass-, biokull, kraft/varmeanlegg, samt utprøving av nye teknologier i landbruket, flislager og tørke-

anlegg for brenselproduksjon for salg.

I tillegg peker de på «Myke investeringer» som; forstudier og forprosjekt, ytviklings- og utredningstiltak samt kompetanse- og informasjonstiltak.

Mål for investeringstilskott

Dette legger vi vekt på når vi behandler søknaden:

- Prosjektet skal bidra til økt verdiskaping og systemsetting i Norge
- Prosjektet skal bidra til økt lønnsomhet for bedriften.
- Prosjektet må kunne vise til klar reduksjon i utslipp av klimagass.
- Eierandel og ringvirkninger innenfor skog- og landbruk, herunder utnyttelse av lokale ressurser fra skog eller kulturlandskap.
- -Forutsetninger, planer og budsjetter skal være realistiske

Hvem kan få finansiering?

Det innvilges enten tilskudd eller en kombinasjon av tilskudd og lån.

Det er primært bønder og skogeiere som kan motta finansiering.

For kompetansetiltak og forstudier kan vi gi støtte til organisasjoner der bønder eller skogeiere er medlemmer eller eiere, eksempelvis skogeierlag og allmenning.

Egen skog og tilskudd fra Innovasjon Norge kan gi ny grønn energi.



PULSAR
IMAGE.QUALITY

TERMISK
TEKNOLOGI

Termisk kikkert

AXION XQ38



Veiledende pris
23.000,-

Termisk kikkert med innebygget avstandsmåler

AXION XQ38 LRF



Veiledende pris
26.900,-

⚡ Rekkevidde 1350m

• www.pulsar-nv.com • PulsarVision • @PulsarVision • @pulsar.vision

IMPORTØR: TENO ASTRO